



Vennelaget for Lensmannsgarden Årsmelding for 2016

Aktiviteten i løa har også i 2016 vore høg, og løa har vorte nytta til eit vidt spekter av ulike arrangement. Privatpersonar og verksemder betalar for å leiga løa, medan lag og organisasjonar i kommunen kan låna løa gratis. Av Hå kommune har me fått opplyst at det i 2016 har vore 92 dagar med betalt leige av løa, og løa har vore nytta til arrangement med gratis utlån 338 gonger. Dette er mest akkurat dei same tala som for året før.

Vennelaget har støtta kommunen sin aktivitetsleiar for ungdom mellom anna med praktisk arbeid og vakthald ved ungdomsarrangement. Elles har Vennelaget bidrege med vedlikehaldsarbeid. Gustav M Håland har vore Vennelaget sin kontaktperson mot vaktmeister i vedlikehaldsarbeidet. Ved vårdugnaden i mai vart det rydda i løa, stolar, krakkar og bord reingjorde, kjøkken vart grundig vaska og inventaret vart sjekka og etterbestilt. I kottet oppe i løa har det vorte montert ein lettvegg for vern av bord og stolar frå fuktig luft frå ventilasjonsanlegget. Dreneringssystemet for kondens frå varmepumpene er utbetra. Bygdekvinnelaget har kjøpt ein kjøkkenmaskin til bruk i løa. I tillegg til eit varmbrett som er kjøpt av «Lunsjtreff», har Vennelaget brukt av overskot til å kjøpa gjenstandar til bruk i løa, slik det går fram av den vedlagte rekneskapen.

Kommunen sette i 2016 av midlar til å byggja heis i nordre bryst på løa, og å montera sprinklaranlegg i løa, både oppe og nede. No er kommunen sitt byggjearbeid med søppelbu på nordsida av løa ferdig, og arbeidet med planlegging og bygging av heis og sprinklaranlegg vert starta. Vennelaget vil bidra med dugnadsarbeid i samband med bygging av heis.

Lunsjtreff-komitéen i Vennelaget har arrangert lunsjtreff to onsdagar i månaden gjennom våren og hausten, totalt 14 gonger. Dette har vore svært vellukka. Talet på betalande gjester har vanlegvis vore mellom 30 og 40, men har på det mesta vore 65.

«Kultur i Løå» -komitéen i Vennelaget arrangerte 12 tilstellingar i 2016; konsertar, temakvelder, teaterforestilling, nasjonalfest, og jonsokfeiring, sjå vedlagt årsrapport frå «Kultur i Løå»-komitéen.

Styret i Vennelaget har hatt 8 styremøte i 2016.

Medlemstalet i Vennelaget er no 309.

For informasjon om Lensmannsgarden og Vennelaget viser me til nettsida vår; www.lensmannsgarden.net, og for informasjon om Vennelaget sine arrangement viser me også til facebook-sida «Kultur i Løå». 701 personar følgjer denne sida.

Dei som ynskjer å få e-post og SMS med påminning om arrangementa kan melde seg inn i Vennelaget ved å senda ein SMS med namn og e-postadresse til 976 88 571. Ein vert då registrert som medlem i Vennelaget. Dette er gratis og medfører ingen forpliktingar. Me vil oppmoda medlemmene våre til å gjera dette kjent blant dei som kan tenkjast å ha interesse av dette.

Styret i Vennelaget har vore:

Kjetil Skrettingland, leiar
Geir Egil Rosland, nestleiar
Karin Hauge, sekretær
Odd Einervoll, kasserar
Lenita Salte, styremedlem
Ruth Kristensen, varamedlem

Byggkomité:

Svein Varhaug, leiar
Dag Skretting
Jon Harald Håland

«Kultur i Løå»-komité:

Geir Egil Rosland, leiar
Dag Madland
Renate Tråsavik (Solfrid Bergersen fyrste halvår)
Karin Skrettingland
Anne Mette Tunheim (andre halvår)

Lunsjtreff-komité:

Eli Aanestad
Inger Haugstad
Kjellaug Ånestad Varhaug
Liv Reiestad
Bjarne Salte
Gustav Håland

Ove Tjensvoll
Irene Bratland (andre halvår)
Hilde Skrettingland (andre halvår)
Liv Tone Stueland (andre halvår)
Myrtle Tjemsland (andre halvår)
Sverre Kartevoll (andre halvår)

Revisor:

Terje Bø

Valnemnd:

Hans Vigleik Jakobsen
Solveig Aanestad
Eldar Odland

For styret i Vennelaget for Lensmannsgarden
Kjetil Skrettingland (leiar)